

Vedlegg:

- Søknad om dispensasjon
- Søknad om tiltak
- Nabomerknader m. tilsvar

KLAGEBEHANDLING, forvaltningsutvalet 02.10.2024

Klagefrist: Klagen kom innan fristen
Uttale til klagen: Klagen har vore ikkje vore sendt på uttale.

Samandrag av klagen:

Klagar skriv at grunnlaget for å gje dispensasjon ikkje er til stades då vedtaket ikkje synleggjere ei vurdering av at fordelande er større enn ulempene.

I vedtaket står det "I dag står einskilde leverandørar parkert i fylkesvegen ved vareleveransar." men me ser ikkje korleis dette er relevant til denne saka - så lenge det ikkje er forbod mot varelevering frå fylkesveg så fungerer dette tilfredsstillande i dag som i alle år. Verksemdene som held til i Skålagato får på dagleg basis varer levert på samme måte.

DET ER STOPP FORBUD!

Det er usemje mellom tiltakshavar og klagarane om kor brei Bjørkesvegen er: I klagen er det sagt at reguleringsplanen viser regulert med køyrebreidde omlag 3,5m og ikkje 4,4m som det vert hevda av tiltakshavar. Denne avstanden er truleg avstanden mellom eigedomsgrensene og ikkje den faktiske vegbreidda.

Vidare skriv dei at tiltakshavar hevdar at avfallstømming i alle år har gått problemfritt - men sameiget har ved fleire høve vore kontakta av sjåførar av avfallsbilane og vorte bede om å flytta bilar som har stått på sameiget sine egne parkeringsplassar.

Dei skriv at det i innstillinga er eit punkt for støy som står som «ikkje relevant» - men om tiltakshavar skal ha vareleveransar med store bilar med motorlyd og ryggealarm så meiner me at dette påfører naboane stor ulempe.

Dei viser vidare til denne blindvegen er å sjå som avkøyrsløse til 3 eigedommar og ikkje som ein fullstendig veg.

Avslutningsvis skriv dei at vedtaket i forvaltningsutvalet ser bort frå at denne avkøyrsla er dimensjonert for eit lite antal brukarar, og tek ikkje omsyn til at ei utviding av bruksområdet vil vera til ulempe for dei som bur der. Vi meiner altså at bestemmelsen når det gjeld bruksrett til felles avkjørsel at vedtaket i forvaltningsutvalet har vesentleg satt tilside omsynet bak føresegna som gjer bruksrett til vegen til eit avgrensa antall brukarar.

Klagen er vedlagt i si heilheit.

Opplysningar i saka:

21.06.2024 kom det e-post frå Ove Hillestad med fylgjande informasjon;

«I henhold til planinitiativ av 03.06.2024 fra Byggadministrasjon Harald Bjørndal, så er vi enige med de nye eierne av Turisthotellet å forandre litt på planleggingen av prosjektet.

Vi opprettholder vårt ønske/ søknad om en bruksrett på veien inn til hotellet fra